



Arkivnr: 2014/598-10

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 19.02.2014 |

Rehabilitering-ombygging-mindre tilbygg i skulesektoren- budsjettfordeling nr. 1-2015

Samandrag

I budsjettet for 2015 er det løyvd 125 millionar kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. I denne saka rår ein til at det vert løyvd totalt 33 million kroner til vidareføring av prosjekt ved Bergen Maritime vgs., Universell utforming og ombyggingar ved Øystese Gymnas, Norheimsund vgs og Nordahl Grieg vgs. Prosjektet ved Nordahl Grieg er planlagt finansiert ved å nytte fondsmidlar knytt til opplæringsavdelinga/skulen.

Forslag til vedtak

| K.stad | Art | Prosj. | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. | |
|--------|------------|--------|-------|--|--------------------------|------------|
| 10 | 655.020.00 | 02320 | 03219 | Bergen maritime vgs. skule – oppgradering vent./varme m.m. | 10 000 000 | |
| 10 | 615.020.00 | 02320 | 02136 | Øystese gymnas – ombygging | 1 000 000 | |
| 10 | 777.025.00 | 02320 | 00208 | Universell Utforming | 15 000 000 | |
| 10 | 635.020.00 | 02320 | 02137 | Norheimsund vgs auditorium | 2 000 000 | |
| 10 | 663.020.00 | 02320 | 02138 | Nordahl Grieg vgs. - Ombygging | 5 000 000 | |
| 10 | 77702100 | 02320 | 03000 | Rehab. / omb./ tilbygg | | 33 000 000 |
| | | | | 33 000 000 | 33 000 000 | |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
konst. fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.01.2015**Bergen Maritime vgs. - Inneklima**

Prosjektet er omfattende og er primært knytt til inneklima og oppvarming ved skulen. Men ein tar og med seg Enøk, UU, rehabilitering med meir. Prosjektet er komplisert og må takast skrittvis, mellom anna fordi framdrift må tilpassast skuledrifta som går parallelt.

Prosjektet vart starta opp i 2012 i fu-sak 107/12 med ei løyving på 7 million kroner til vifterom på taket, nye ventilasjonsaggregat, oppgradering av kantine samt nokre einskildrom. I 2013 og 2014 vart prosjektet vidareført med samla løyvingar på totalt 31,2 million kroner. Desse midlane er primært nytta til nytt anlegg for vassboren varme tilkobla fjernvarmeanlegg frå BKK, utbetring av vindauge / fasade / enøktiltak, ventilasjon, UU-tiltak, rehabilitering og oppgradering av einskildrom.

I år er planen å vidareføre prosjektet med å gjennomføre tilsvarande tiltak i maskinhall, maskinverkstad og sveiseverkstad. Ein rår til at det i denne omgang vert løyvd 10 million kroner til prosjektet. Det kan være aktuelt med tilleggsløyving seinare i år, dersom ein får til ei raskare framdrift. Planen er å vidareføre arbeidet i 2016 med tilsvarande tiltak på dei delane av skulen som då står att.

Øystese Gymnas – Ombygging

Dagens kjemirom er for lite og har og behov for oppgradering i forhold til utstyr for å tilfredsstille dagen krav til standard. Ved å rive ein vegg mot førebuiingsrom kan det etablerast eit utvida kjemiromm på 98 m² mot 79 m² som ein har i dag. Samstundes vil ein etablere ny innreiing og nytt utstyr som er meir tilpassa dagens undervisning. Opplæringsavdelinga planlegg å løyve til inventar/utstyr over budsjettposten for utstyr i skulesektoren. Kostnadane knytt til bygningsmessige tiltak er kalkulert til 1 million kroner og ein rår til at det vert løyvd frå budsjettposten for ombyggingsmidlar m.m. i 2015.

Universell utforming

Fylkestinget vedtok i møte 08.09.2009 i sak 84/09 handlingsplan for universell utforming. Planen viste ca. 3000 tiltak som måtte utbetrast og har vore førande for fylkeskommunen si satsing innanfor området. I 2013 vart det nytta om lag 25 million kroner og i 2014 om vel 30 million kroner til utbetring innanfor området. I denne omgang rår ein til at det vert løyvd 15 million kroner til formålet i 2015. Midlane for 2015 er planlagt nytta mellom anna til vidareføring av tiltak knytt til heis med tilhøyrande ombyggingar på Stord vgs., Stend vgs, Norheimsund vgs. og Øystese Gymnas. Vidare vil ein gjennomføre mindre prosjekt på andre skular i fylket.

Norheimsund vgs. – Auditorium

Skulen har behov for eit stort rom der ein kan samla to klasser til undervisning og alle tilsette til info/planleggingsmøter. Pr i dag har skulen ingen klasserom eller auditorium som er egna til dette. Gjennom ein dialog mellom skulen / opplæringsavdelinga og eigedomsseksjonen er det konkludert med at skulen har behov for slikt rom og at auditorium kan etablerast gjennom å bygge om romma som skulen tidlegare har nytta til design og handverk. Ein rår til at dette prosjektet vert prioritert og at det vert løyvd 2 million kroner til prosjektet i 2015.

Nordahl Grieg vgs. – Ombygging

Skulen har behov for ombygging av opne areal då det er ønskelig med meir skjerma opplæringsareal i form av klasserom/grupperom. Dette medfører etablering av nye vegger og flytting av eksisterande, samt endring av ventilasjon, lys, sprinkling med meir. Kostnaden med ombygginga er kalkulert til 5 million kroner. Planlegging av prosjektet starta i 2014, og då var planen å nytte skulens fond for finansiering. I 2015 er deler av fondet overført til eit sentralt fond knytt til opplæringsavdelinga og prosjektet er planlagt finansiert frå dette fondet. I påvente av rekneskapsavslutting 2014 rår ein til at det vert løyvd midlar frå konto for ombygging.